

Eva Haugland
Hjørdis Byrkjeland

v/Hjørdis Byrkjeland
Byrkjelandsvegen 34
5600 NORHEIMSUND

05.08.10

Dig Plan A/S
Trollhaugmyra 15
5353 STRAUME

REGULERING KVINNHERAD

Viser til Dykkar brev av 17/6-2010 –melding om oppstart av regulering for Gnr.81 Bnr. 181 og 90.

Som nabo- Gnr81 Bnr82 har vi i utgangspunktet ingen innvendingar til planlagd reguleringsføre mål.

Arealdelen i gjeldande kommuneplanen for reguleringsområdet er etter det vi kjenner til, ikkje omfatta av fritidsføre mål. Ein eventuell endring av kommunal planstrategi frå rein næringsverksemd/reiseliv til å kombinere dette med fritidsbygningar vil i seg sjølv ikkje medføra større endringar.

Avgjerande for oss er at utnyttingsgrad, utforming og byggjegrense vert tilpassa ein fleirbruk, også vedkomande vår eige dom.

Vi har derimot ved fleire høve påpeika fjerning av grensemerke, manglande byggemelding av tiltak som også går inn på vår tomt. Nokre av tiltaka representerer ein sikkerhetsrissiko. Dette er forhold som vi ynskjer avklaring på.

Nemde forhold ligg innafor planområdet og er relevant i forhold til reguleringsmyndighetene sitt kompetanseområde.

Vi er såleis opptatt av reguleringsframlegget til dette området av planen.

Venleg helsing

Hjørdis Byrkjeland